



Fristar Ulvanåso på palmesundag? (Foto: Kjell Yri).

**Turprogrammet for Kvinnherad Turlag for 2007 føreligg og er fristande lesning for nokon kvar. Kven vil til dømes vera med på den klassiske og tradisjonelle vårskituren til Ulvanåso frå Tveitedalen palmesundag 1. april?**

Kjell Yri og Erlend Hellingsrud skal vera turleiarar. Det blir først tre kvarters skibering til Dyrindo og deretter skitur med moderat stigning til Høgetinden, som er 1.250 meter over havet. Det er ikkje nokon førehandspåmelding, men frammøte i skisenteret i Tveitedalen klokka 10.

Men før ein kjem så langt som til palmesundan er det fleire moglegheiter for å nyta av turlaget sitt program. Til dømes er det to dagars skitur Hamlagrø-Vending 24. og 25. februar (neste helg) med overnatting i den nye hytta Vending i Bergsdalen. Geir Eidsvik er ein av turleiarane. Det blir også med ein kjentmann frå Kvam Turlag.

18. mars står skitur i Husnesfjella på programmet. Her blir ruta naturleg nok bestemt etter snøforholda. Få veit at det ligg eit flott skiturlandskap like bak Mjelkhaug. Her kan ein finna lange flater, men og bratte bakkar som i Englafjell. Å bera skiene opp til snøen vil dei fleste kunne klara. Frå 31. mars til 3. april er det også påsketur på Hardangervidda vest i samarbeid med Odda-Ullensvang Turlag.

Utover resten av våren og sommaren er det tett med tilbod som uskedalen.no skal koma tilbake til, men vi merkar oss allereie no at Kjell Yri skal leia ein tottur i Jotunheimen frå 16. til 19. august. Firedagersturen går med utgangspunkt i Leirvassbu, midt i hjarta av Vest-Jotunheimen, der tindar og brear ligg tett i tett.

Frå programmet til Barnas Turlag tek vi med ein til Lovatnet 29. april og ein tur til Flåtene i Eikedalen 20. mai. Den siste turen går frå parkeringsplassen ved vassverket og langs elva til Flåtene der det er høve til aktivitetar. Turen passar godt for heile familien. Det blir lagt opp til ein ridetur i Kvinnherad-fjella 17. juni i turlaget sin regi, men detaljane er enno ikkje klåre.

Fjellsportgruppas turprogram blir innleia med vintertur på tvers av Folgefonna, som også har vorte ein sikker tradisjon. I år går turen den 3. og 4. mars og det blir overnatting i Sauabrehytta etter start frå Oddasida. 17. og 18. mars fristar denne gruppa med snøholetur – anten i Fjellhaugen eller Seljestad.

Fjelltrim-opplegget er sjølv sagt også klårt, med registreringsbøker og og tenger på 16 ulike turmål. Og Geitadalstinden i Ulvanåso er eitt av måla.

Av Ola Matti Mathisen